

Kulturutviklingsmidlar 2007 – ny tildeling

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert løyvd kr 250 000 til kulturutviklingstiltak med følgjande fordeling:
 - a) Sogn og Fjordane Kunstmuseum; regionale sekretariatsoppgåver i samband med Nasjonale Turistveggar si kunstsatsing; kr 75 000
 - b) Nynorske Litteraturdagar 2007, Aurland; kr 75 000
 - c) Nasjonalt senter for Countrymusikk, Gloppen – forprosjekt; kr 150 000
 - d) Sogn og Fjordane 4H; Ung framtid; vert avslegen.
 - e) Sogn Filmsenter; vidareutvikling Spelefilmprosjektet ”Hemnen”; kr. 70 000
2. Budsjettdekning ansvar 1 500 181 utviklingsmidlar.
3. Vilkår for utbetaling av tilskot er at godkjende planar, rapportar, rekneskap, e.l. som gjeld det
einskilde tiltak vert lagd fram, og at vilkår elles knytt til løyvinga vert oppfylt.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

- 5 søknader m/vedlegg
- HK-sak 13/07, Kulturutviklingsmidlar
- Retningsliner for fordeling av fylkeskommunale kulturutviklingsmidlar i Sogn og Fjordane

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Målet med kulturutviklingsmidlane er at Sogn og Fjordane fylkeskommune saman med lokale, andre regionale, statlege og private aktørar, skal vere med å realisere nyskapande og dristige kultursatsingar i fylket. Det er òg eit mål at midlane som blir løyvde korresponderer med fylkeskommunale planar og strategiar.

Kulturutviklingsmidlane skal primært nyttast til nye tiltak og berre unntaksvis til eksisterande satsingar. Fylkeskommunen yter vanlegvis ikkje tilskot ut over 1/3 av samla tilskot. Kulturtiltaket må halde eit høgt kvalitativt nivå for å få tilskot, og i retningslinene er det vidare lagt vekt på at tiltaket òg har ei kommunal deltaking og forankring.

Til no i år er det av potten på 3,9 mill. kr. tildelt om lag 2,6 mill. kr. Fylkesdirektøren rår i denne saka til at ytterlegare kr. 370 000 blir tildelte. Det står att om lag 1 mill kr, og fylkesdirektøren vil vurdere å lyse ut dei resterande midlane med søknadsfrist 1. oktober. Før evt utlysing vil det også bli vurdert om der er enkelte av prosjekta omtalt i budsjettendrøftingsnotatet som vil vere eigna for evt løyving av dei utviklingsmidlane som framleis er disponible dette året.

2. SØKNADER TIL HANDSAMING

1. Sogn og Fjordane Kunstmuseum. Søknad om tilskot til sekretariat i samband med Nasjonale Turistveggar si kunstsatsing.

Statens vegvesen v/Nasjonale Turistveggar (NT) utviklar på oppdrag av Stortinget 18 turistattraksjonar/kunstsatsingar i storslegen natur, som innan 2015 skal vekke internasjonal interesse og freiste dei vegfarande til å bruke Noreg som reisemål. Dei nasjonale turistvegane skal vere strekningar der det gode samspelet mellom vegen og det unike landskapet skal gje gode opplevingar. Sognefjellet og Gamle Strynefjellsveg er allereie opna som såkalla nasjonale turistveggar.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum (SFKM) er av NT bedne om å drifte eit sekretariat for kunstsatsinga her i fylket, og kunstmuseet søker difor om tilskot for å kunne ta på seg arbeidet. NT si kunstsatsing omhandlar i første rekkje Snøvegen i Aurland/Lærdal-området for tidsrommet 07/08, og deretter Gaularfjellsvegen med oppstart i 09 med opning planlagt i 2011.

Sekretariatsfunksjonen for kunstprosjektet vil dreie seg koordinering/arrangering av reiser/møte, kopligng opp mot lokale bedrifter/handverkarar, kontakt med kommunar, fylket og grunneigarar. Jobben er rekna til om lag 0,25 årsverk og det vert stilt krav til høge faglege kvalifikasjonar. Sum kostnader for 07/08 er rekna til kr 200 000. SFKM søker om fylkeskommunalt tilskot stort kr 150 000. Kunstmuseet bidreg med eigendel på kr 50 000. Finansiering av sjølve kunstverket vil kome på eit seinare tidspunkt, og ligg inne i dei løyvingane staten har gitt til utsmykking.

Fylkesdirektøren ser positivt på at lokal kompetanse vert nytta, i tillegg til at ein får skaffa seg verdifull erfaring i større prosjektarbeid. På bakgrunn av dette rår fylkesdirektøren til at det vert løyvd kr **75 000** for år 1, og med intensjonar om vidare satsing dei komande åra.

2. Nynorske Litteraturdagar 2007 i Aurland

Nynorske Litteraturdagar (NL) vart arrangert i Aurland for første gong i 2006. Nytt arrangement er planlagt 2. - 4.11.07, og dei søker fylkeskommunen om eit tilskot på kr 100 000 til gjennomføring av litteraturdagane for inneverande år.

Visjonen for NL er "folkeleg - raus - levande", eit arrangement med breitt innhald og med ønskje om å nå ut til alle målgrupper. Dei har knytt til seg ulike fagmiljø i planlegging og gjennomføring. Etter arrangementet i 2006 vart det gjennomført ei grundig evaluering, der forutan Aurland kommune og Aurland Prosjektteneste deltok også høgskulen og fylkeskommunen. Med utgangspunkt i lokal forankring er målet at arrangementet skal ha både lokal, regional og nasjonal profil.

Litteraturdagane har eit budsjett på 670 000 kroner, og på inntektssida er det sett opp forventa billettsal på kr 110 000, sponsorar/tilskot kr 260 000 og eigendel (Aurland kommune) kr 300 000. Det vart løyvt kr 50 000 av tilskotspotten Opplevingsnæringane i juni i år. NL fekk tildelt kr 60 000 i fylkeskommunalt tilskot i 2006.

Nynorske Litteraturdagar er med på å løfte fram litteraturfeltet på ein positiv måte, og er eit tiltak som er i tråd med dei mål/tiltak som er nedfelt i forslaget til kulturstrategi som no er på høyring. Fylkesdirektøren rår til at Nynorske Litteraturdagar vert tildelt **kr 75 000** til gjennomføring av årets arrangement.

3. Nasjonalt senter for Countrymusikk - forprosjekt

I sak 12/07 der tilskot til tiltak/kulturmidlar vart fordelte, hadde Stiftinga Norsk Countrytreff inne ein søknad på kr 100 000 til festivalen og kr 200 000 til prosjektet Nasjonalt senter for Countrymusikk. KU vedtok å løyve kr 50 000 til festivalen, og sa samstundes at ein ville kome attende til vurderinga av søknaden om støtte til det nasjonale senteret.

Nasjonalt senter for Countrymusikk har fått støtte frå Norsk Kulturråd. Gloppen kommune har løyvd kr 100 000 til tiltaket i juni i år. Etter planen skal forprosjektet vere klart til februar 2008. Arkitekt er engasjert, og senterinnhald er under stadig utvikling.

Fylkesdirektøren rår til at vidare arbeid med forprosjekt for Nasjonalt senter for Countrymusikk vert tildelt **kr 150 000**.

4. 4 H-prosjektet Ung framtid

4H Sogn og Fjordane søker om kr 100 000 til prosjektet Ung Framtid, som skal gå over 3 år. Totalt sett søker 4H difor om ei løyving på kr 300 000 til prosjektet. I tillegg har 4H for 2007 motteke kr 300 000 av fylkeskommunen til drift.

Mål for prosjektet Ung Framtid er å skape og oppretthalde lærerike og rusfrie møteplassar, og der delmåla m.a. er å få auka medlemstal samt styrka strategiar for førebygging av rusmisbruk blant ungdom. 4H har nærare 2000 medlemmer her i fylket, og held høgt aktivitetsnivå. Tiltak i prioritert rekkefølge er følgjande: 1. *Møteplassar i skulesentra*. Prøve ut to ulike pilotprosjekt i Sandane og Førde retta mot hybelbuarar i samarbeid med skule, kommune og organisasjonar innan friluftsliv, og som skal danne grunnlag for overføring til andre større skulestader. 2. *Entreprenørskap*. I samarbeid med skule og lokalsamfunn setje fokus på entreprenørskap i den

grøne årstida, og som vil kunne styrkje reiseliv og opplevingstilbod om sommaren. 3.
Framtidsverkstader i 4H-klubbane.

Fylkesdirektøren ser på arbeidet med å trygge lokalsamfunna som særskild viktig. Også arbeidet med entreprenørskap og framtidarbeidet er sentrale utfordringar. Det er likevel ei utfordringa å sjå tydeleg korleis dette prosjektet skil seg frå det daglege og løpande arbeidet i organisasjonen, og om ikkje oppgåvene i Ung Framtid må kunne løysast innanfor allereie tildelte løyvingar gjennom omdisponering av dei ressursar organisasjonen alt rår over. Samstundes tek prosjektet tak i viktige utfordringar i og for fylket gjennom at det her er ungdom sjølve som engasjerer seg og vil bidra på sin måte til å vidareutvikle kvalitetar i fylket, og arbeide med identitetsskapande prosessar hos og mellom ungdom. Ut frå ei samla vurdering er fylkesdirektøren likevel kommen til at prosjektet skil seg for lite frå det ordinære arbeidet i organisasjonen, og vil ut frå den relativt store driftsstøtta organisasjonen får, ikkje tilrå støtte.

5. Sogn Filmsenter. Spelefilmprosjektet "Hemnen" – forprosjekt

"Hemnen" – ein spelefilm frå vikingtida – handlar om Gunhild frå Sogn, som mot sin vilje blir gift med Kong Magnus. Planen er å hovudsakleg nytte ulike stader i Sogn og Fjordane som innspelingstader. Prosjekteigar, ansvarleg produsent, manus og idé er Sogn Filmsenter v/Randi Helene Førund. Regissør og co-produsent: Fridrik Thor Fridriksson, i tillegg er Nils Gaup ført opp som produsent/regissør. Totalbudsjettet er stipulert til 90 - 100 mill. Nkr.

Søknaden gjeld midlar stort kr 200 000 til forprosjekt. I budsjettet er det sett opp utgifter til prosjektleiing, reiser/konsultasjon med Filmfondet samt regissørane/produsentane Gaup og Fridriksson, investorar, m.v. i storleiksorden kr 285 000, med Sogn og Fjordane fylkeskommune som hovudfinansieringskjelde. Andre finansieringskjelder som er førte opp er bankar, kommunar og Vestnorsk Filmsenter. Denne fasen er meint å skulle leie fram til søknader om midlar hos Norsk Filmfond, investorar m.v.

Filmfondet v/Anne Frilseth er, i tillegg til Nils Gaup og Fridrik Thor Fridriksson, oppgjevne som referansar til spelefilmprosjektet "Hemnen". Det føreligg følgjande uttalar om prosjektet:

- Filmskapar Gaup peikar på nokre svakheiter med manus, men trur at manuset kan gje grunnlag for ein film som har i seg det universelle, og som difor har potensiale til å nå langt ut over landets grenser (uttale pr jan. 07).
- Filmfondet har uttalt at Sogn Filmsenter, som eit enkeltmannsføretak, ikkje vil kunne få tilskot til langfilm, og vidare at Førund ikkje vil kunne bli godkjend som ansvarleg produsent overfor filmfondet all den tid ho ikkje har erfaring frå filmproduksjon. Filmfondet understrekar at dei ikkje har motteke søknad om midlar til "Hemnen", og har difor ikkje vurdert det kreative innhaldet.
- I tillegg har manuskonsulent Kirsten Rask uttalt at manus reint teknisk lever opp til filmbransjen sine krav, og at dei neste skritt må takast saman med instruktør og produsent (pr mai 04).

Filmfondet sine krav til produsentrolla i prosjekt i denne storleiksorden er med andre ord svært streng. Produsentrolla må vere ivareteken av eit norsk selskap med brei erfaring for å kome inn under filmfondet sine ordningar. Norsk filmfond forvaltar statlege tilskottsordningar for utvikling og produksjon av film, fjernsynsprogram og interaktive prosjekt, og ein pott på om lag 267 mill. kr. Filmfondet er også rådgjevande organ for Kultur- og Kyrkjedepartementet i filmfaglege spørsmål.

I møte med søkjar 22.08.07 presiserer søkjar at skal prosjektet kunne realiserast slik ho ønskjer, krev det jobbing mot private investorar i inn- og utland. Ho legg difor stor vekt på å vidareutvikle kontakten med Gaup og Fridriksson, og meiner at desse representerer nettverk i inn- og utland som vil kunne ta filmprosjektet vidare mot realisering, fagleg og økonomisk. Den strategien søkjar jobbar etter no, inkluderer såleis ikkje Norsk Filmfond ettersom deira retningsliner set strengare krav til prosjektet enn det søkjar finn aktuelt/interessant å gå vidare med. Fokus på søknad til Norsk Filmfond slik dette er omtalt i søknaden er difor endra, og på noverande tidspunkt er det privatfinansiering av filmen som vert vurdert som mest interessant. Søkjar er elles innforstått med at ein profesjonell produsent må inn i prosjektet no om ho skal komme vidare, sjølv om ho i søknaden delvis omtalar seg sjølv som produsent. Produsenten vil ha ei viktig rolle for å leggje brikkene på plass vidare både i høve det filmfaglege og det økonomiske. Søkjar er innforstått med at fylkeskommunen ikkje er aktuell i samband med finansieringa av sjølv filmproduksjonen, men er ein viktig aktør i førearbeidet.

Etter fylkesdirektøren si vurdering er dette eit stort og dristig prosjekt som krev stor og vedvarande innsats over mange år. Fylkesdirektøren har følgd utviklinga i prosjektet i fleire år, og bidrege med råd og økonomi ut frå ein tanke om at det vil vere kulturpolitisk interessant om eit slikt stort prosjekt ville kunne la seg realisere med utgangspunkt i arbeid i Sogn og Fjordane. Prosjektarbeidet er så langt i perioden 1999 – 2006 støtta med om lag kr. 70 000 i fylkeskommunale midlar. I 2007 er det så langt gjennom administrativt vedtak løyvt kr. 30 000 til prosjektleiing/møteverksemd/nettverksarbeid. Det er også rett å nemne at fleire av kommunane i Sogn har ytt tilskot til ulike steg i prosjektutviklinga. Det same har lokale bankar, Sunnfjord Energi, m.fl. gjort. Innovasjon Norge har ytt tilskot i samband med etableringa av Sogn Filmsenter i Årdal, og Fond for lyd og bilete har støtta manusutviklinga.

Arbeidet i 2007 er konsentrert om vidare bearbeiding av deler av manus, budsjetteringsarbeid, og møter med potensielle produsentar/investorar, m.m. i Norge, på Island og i England/Irland.

Fylkesdirektøren vil streke under at dette absolutt er eit risikoprojekt. Hovudutvalet har i retningslinene for utviklingsmidlane sagt at desse skal vere med på å realisere nyskapande og dristige kultursatsingar i fylket. Dette er i høgste grad ei slik satsing. Vidare vert det sagt at ein vanlegvis ikkje gjer tilskot ut over 1/3 av samla tilskot. Budsjettet i søknaden er på kr. 285 000.

Det er tidlegare løyvt kr. 30 000 gjennom administrativt vedtak. Fylkesdirektøren rår til at det no vert løyvt kr. 70 000 til det vidare arbeidet med spelefilmen "Hemnen". Ut frå dei sterke signal frå filmfondet om den sentrale rolla produsenten har i ei filmskaping, meiner fylkesdirektøren at dette arbeidet, sjølv om søkjar fjernar seg frå filmfondet, må prioriterast. Produsenten si rolle er sentral uavhengig av finansieringsmåte. Midlane skal såleis nyttast i det vidare arbeidet med å skaffe profesjonell produsent, og utvikle kontakten mot investormarknaden. Rapport og rekneskap for bruken av den samla fylkeskommunal løyvinga i 2007 skal leggjast fram innan 1. februar 2008.

3. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesdirektøren viser til drøftingane over, og rår i denne saka til løyvingar til fire utviklingsprosjekt med til saman kr. 370 000.